



Truls Zimmer fotografert i programmet I kø for livet, ein sterk dokumentar som vart laga for nokre år sidan.

Den utflytte uskedelingen Truls A. Zimmer vil verta å sjå i TV2-programmet Sommertid i kveld. Truls har som kjent jobba som informasjonsmedarbeidar i Stiftelsen Organdonasjon, og i programmet møter vi han saman med ekstresymjaren Stian Vikra.

Stian Vikra frå Karmøy har fleire gonger lagt ut på krevjande symjeturar til inntekt for Stiftelsen Organdonasjon. Nyleg stod han for ein kjempebragd då han sumde over Skagerak frå Kristiansand til Danmark på knapt 2 døgn. Film vi har sett frå symjeturen viser at han gjennomførte flott trass i tildels krevjande bølgjer.

Truls er kjent som ein dyktig informatør, og han har og mange ganger hatt føredrag som har gjort inntrykk både på skuleelevar og andre, også i vår kommune.

Programmet byrjar kl. 20, og kanalen er altså TV2.



Truls Zimmer på TV ikveld

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.
Foto: Ola Matti Mathisen